

ÅRSMELDING FOR ØRSTA KYRKJELYD



Ørsta kyrkje, teikna av Olav Baarøy jr.

***Kyrkjelydsmøte i kyrkja
23. mars 2025***

ÅRSMELDING 2024

Ørsta sokneråd

I 2024 har soknerådet følgjande medlemmer:

Anders Digernes – leiar

Kirsten Ose – nestleiar

Bjørn Erik Sørheim

Astrid Kristine Øyehaug Moe – referent

Kjetil Årøen

Svein Vatne

Gudny Fagerhol

Veronica Skogström Bigset

Sokneprest Arne Moltubak

Øyvind Roger Halse er 1. vara og møter fast på møta.

Dei andre vararepresentantane som vert kalla inn ved høve er:

Jostein Bjarne Bjørndal, Merethe Qvenild Loe, Ove Egil Opsal.

Andrea Hovden var vald inn som fast medlem, men har gått ut grunna flytting til anna kommune.

Medlemar til Ørsta kyrkjelege fellesråd er Anders Digernes og Kirsten Ose. Vara er: Svein Vatne og Astrid Kristin Øyehaug Moe.

Soknerådet har ikkje tilsett sekretær. Astrid Kristine Øyehaug Moe har føre referat til protokollen. Soknerådet sitt arbeidsutval har vore: Leiar, nestleiar, referent og sokneprest.

For soknerådet er Kirsten Ose vore knytt opp til **Kirkens Nødhjelp**.

Kontakt for **Kirkens SOS** er Kjetil Årøen, til **Misjonsprosjektet (NMS)** er det Astrid Kristine Øyehaug Moe og til **Bibelselskapet** er Øyvind Roger Halse.

Utanom dette er det òg Trusopplæringsutval, der Svein Vatne og Bjørn Erik Sørheim er medlemmar saman med ein representant for kvart av dei andre to råda.

Soknerådsmøte i 2024

9 soknerådsmøte vart halde i 2024, i tillegg til kyrkjelydsmøte med årsmelding.

Soknerådet handsama 44 saker i året som gjekk.

Mellom anna vart dette handsama:

- Prinsipp for gudstenestearbeidet, gudsteneste- og offerliste, trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk
- Økonomi og rekneskap, Gjevarteneste

I tillegg ei rekkje med meir praktiske arrangement

- Kransing av bauten 17. mai, Julegrantening
- Konfirmasjonane (praktiske oppgåver)
- Julegudsteneste, friluftsgudsteneste fleire stadar
- Kyrkjelydsmøte med Årsmelding

Tal frå Ørsta sokneråd sin rekneskap 2024

Rekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk (overskot) på kr 8 411,05 som vert å overføre til soknerådet sitt disposisjonsfond.

Disposisjonsfondet utgjer kr 347 210,60.

Etter at disponering av mindreforbruk (overskot) i 2024 er vedteke, blir saldoen på disposisjonsfondet kr 355 621,65.

Atterhald om at rekneskapen ikkje er revidert.

Revidert rekneskap for 2024 vil bli tilgjengeleg på kyrkjekontoret så snart den ligg føre.

Andre aktivitetar i kyrkja/kyrkjekontoret 2024

Y's men har hatt 4 av sine møter i Undervisningssalen, 1. måndag i månaden. Regndråpen hadde Jubileumsfesten sin i Undervisningssalen.

Ørsta kyrkjekor var i full sving, med kantor Marie Austrheim Riise som dirigent, med fast øvingsdag kvar onsdag kl.19-21. Dei har plass til fleire songarar.

Statistikk 2024

Årstal	2020	2021	2022	2023	2024
Døypte	78	64	93	62	77
-bur i Ørsta sokn	71	57	86	51	68
-Busette i soknet, døypt annan stad	4	8	5	3	7
Konfirmerte	90	75	110	99	107
Vigslar	9	6	9	11	10
- forbønn ved borgarleg vigsel	0	0	1	0	0
Gravferder	66	76	64	74	67
Innmeldingar	8	4	7	6	15
Utmeldingar	18	23	26	1	18
Gudstenester søn- og helgedagar (utanom søn-og helgedagar)	60(14)	57(29)	69(13)	63 (23)	62 (38)
- deltakarar søn- og helgedagar	3651	3159	8137	7800 (2423)	7278 (4472)
- deltakarar gudstenestedeltaking gj.snitt	62,95	55,42	99,23	118,87	117,4
Frivillige (estimerte tal)	130	46	161	384	538

Gudstenestearbeidet 2024

Frå statistikken ser vi at det vart halde 62 gudstenester på søn- og helgedagar i soknet, mot 63 i 2023. Totalt var det 7278 deltakarar på dei 62 gudstenestene i 2024. Dette gir eit snitt på 117 deltakarar pr gudstenestene. For 2023 var tala 7800 på 63 gudstenester, noko som gav eit snitt på 123. Vi ser altså ein liten nedgang frå i fjor både i deltakarar totalt og prosentvis deltaking pr gudsteneste. Det vart halde 44 (45 i 2023)gudstenester med nattverd. Totalt gjekk 1973 personar til nattverd i 2024 (45 i snitt pr gudsteneste), medan 2206 gjekk til nattverd i 2023 (49 i snitt pr gudsteneste).

Påske

På gudstenesta paldesøndag var det 295 deltakarar (3 dåp og barnekora GLØD og MiniGLØD), mot 119 i 2023 (2 dåp). Skjærtorsdag var det 67 deltakarar i 2024, mot 54 i 2023. Langfredag var det 55 i 2024, mot 45 i 2023. Påskennatt var det 89 deltakarar i 2024, mot 86 i 2023. Påskedag var det 152 deltakarar i 2024 (3 dåp), mot 208 i 2023 (4 dåp).

Helgetorsdag og pinse

Helgetorsdag var det høgmesse på formiddagen med 16 deltakarar, mot 26 i 2023. På kvelden var Regnbogemesse i samband med Bygdepride. Her var det 81 deltakarar, mot 165 i 2023). Første pinsedag var det 97 frammøtte (2 dåp), mot 29 i 2023 (utan dåp).

Jul og nyttår

Julaftan var det tre gudstenester med totalt 977 deltakarar (980 i 2023). På juleotta første juledag var det 47 deltakarar (48 i 2023). På høgnessa første juledag var det 62 deltakarar (42 i 2023).

Nyttårsaftan var det 31 deltakarar (37 i 2023).

Friluftsgudstenester

Det var friluftsgudstenester både ved Hovdevatnet 2. pinsedag (84 mot 23 i 2023 då gudstenesta vart flytta innandørs), fellesgudsteneste på Bondalseidet i mai (115), festspelgudsteneste i Aasentunet (132 mot 203 i 2023), i Grøvika (42, likt som i 2023) og på Brudevollen på Olsok (182, mot 89 i 2023).

Livspust

Livspust-gudstenestene vart vidareført i 2024. På dei fire gudstenestene kom det totalt 517 deltakarar som gjev eit snitt på 129. I 2023 var det totalt 591 deltakarar fordelt på fem gudstenester og eit snitt på 162.

Gudstenester i samband med trusopplæringstiltak

Mange av tiltaka innan kyrkjeleg undervisning og læring er knytt opp mot ei gudsteneste. I 2024 var det gudstenester knytt til tårnagenthelg i februar (3 dåp, 177 deltakarar). Utdeling av bok til førsteklassingar i mars (GLØD, 183 deltakarar) og oktober (2 dåp, GLØD og MiniGLØD, 315 deltakarar). Fireårsbok i juni (2 dåp, 242 deltakarar). Konfirmantpresentasjon i september (178 +151). Utdeling av Bibel til 10-åringar og Lys vaken for 11-åringar i november (2 dåp, 251 deltakarar). Eit nytt tiltak for 7-åringar knytt til lysmessa første søndag i advent (GLØD, MiniGLØD og kyrkjekoret 212 deltakarar). Konfirmantane gjorde også i i 2023 klokkarteneste gjennom heile konfirmantåret.

Søndagsskule

Søndagsskulen har også vore vidareført i 2024 med nokre få dedikerte leiarar. Søndagsskulen er viktig for å gje eit tilbod til barnefamiliar som ynskjer å vere ein del av gudstenesta. Det er også viktig for kyrkjelyden at barnefamiliar har høve til å ta del i gudstenesta. Det er framleis behov for fleire leiarar.

Barnekor og kyrkjekor

Barnekora GLØD og MiniGLØD tok del på fleire gudstenester gjennom året. GLØD var med på utdeling av bok til førsteklassingar og palmesøndag i mars, lysmessa første søndag i advent og på julaftan. Mini-GLØD var med på palmesøndag, lysmessa og julaftan. Barnekora gjev viktige bidrag til gudstenesta gjennom song og livsglede.

Kyrkjekoret tok del på Askeonsdag, Skjærtorsdag, Påskennatt, Helgemesse, lysmessa saman med GLØD og Mini-GLØD og «Vi syng og spelar jula inn.» Kyrkjekoret løfter gudstenestene både med egne bidrag og med å løfte den generelle salmesongen.

Kyrkjekaffi og klokkartenesta

Kyrkjekaffi vart arrangert ved hjelp av konfirmantforeldre. Dette er ei ordning som stort ser ut til å fungere godt. Som oftast er kyrkjekaffien oppe i kyrkjerommet. Det var ikkje kyrkjekaffi i tida utanfor konfirmantåret. Dette er noko ein kunne tatt tak i for framtida.

Klokkarfunksjonen i gudstenestene vart også i 2024 dekt av frivillige.

Det er framleis eit ønske å auke talet på frivillige i denne tenesta.

Utblick

Alle dei tre høgtidene viser gode tal for deltaking. Det same gjeld gudstenester der barnekora GLØD og MiniGLØD tek del og gudstenester knytt til kyrkjeleg undervisning og læring.

Friluftsgudstenestene er også jamnt godt besøkt. Det kan altså sjå ut til at det er dei heilt «vanlege» gudstenestene der det ikkje skjer noko spesielt som bidrar til den svake nedgangen i gudstenestebesøket.

Eit sentralt spørsmål i det vidare arbeidet blir difor kva vi kan gjere med desse gudstenestene for å auke oppslutnaden her. I årsmeldinga for 2023 var det blant anna vist til konseptet samtalegudsteneste og moglegheita for å involvere bibelgrupper eller misjonsforeiningar til å ta del i slike gudstenester. Dette er framleis aktuelt og kan med fordel arbeidast vidare med. Vidare kan vidareutvikling av søndagsskulen, klokkartenesta og kyrkjekaffi utanom konfirmanttida vere aktuelle satsingsområde.

Trusopplæring 2024

Dette var dei viktigaste arrangementa som gjeld trusopplæring i Ørsta kyrkje:

0-3 år: Dåp nesten kvar søndag i kyrkja. Alle borna får ein handbrodert dåpsklut frå Madagaskar, i gåve frå frivillige lag i kyrkjelyden. Bilete med kveldsbøn frå soknerådet. Ein faddar får ein påse med gåver som ho eller han skal overrekke til fadderbarnet på dåpsdagen i tre år. Pakkane kostar om lag 150 kroner per barn. Innhaldet i pakkane kjem frå IKO-forlaget. Dette er gåvene: Smekke med «Å du som mettar» til 1. dåpsdagen, matboks med vers til 2. dåpsdagen og boka «Lille Sauen går seg vill» til 3. dåpsdagen. Gåvene vert finansierte av kyrkjelydane gjennom kyrkjeofringar og andre gåver. Fadrane vert òg oppmoda om å vere med å støtte ordninga med ei pengegåve.

1 år: Babysong: Dette tilbodet for småbarn og nybakteforeldre tilbyr ein plass for samspell mellom barn og foreldre. Barna får utfolde seg gjennom lek, song og fellesskap. Dette er eit samarbeid med Volda kyrkje. I 2024 vart babysong gjennomført med blant anna 4 samlingar på Ørstaheimen. 9 av 138 familiar brukte tilbodet i Ørsta. (7% deltaking)

4 år: 65stk 4-åringar fekk i juni invitasjon til å vere med på undretur i kyrkja og gudsteneste med utdeling av kyrkjebok. 38 av dei kom til kyrkja på undretur og fekk bok. (58% deltaking)

5 år: 95 barn fekk invitasjon til Kirkerottekino i januar 2024. 21stk kom. (22% deltaking)

6år: 30 av 84 6-åringar møtte opp til bokutdeling (36%)

7år: Lyset, eit nytt tiltak for denne aldersgruppa vart gjennomført i adventstida 2024. 75 fekk invitasjon og 13 born kom. (17% deltaking)

8år: 75 barn fekk invitasjon til Tårnagenthelg. Av desse var det 26 som kom. (35% deltaking)

10 år: Utdeling av Bibel til 5.klassingar. 32 av 92 aktuelle 5.-klassingar fekk "Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga" i gåve utdelt i kyrkja. (35%)

11år: 88 invitasjonar vart send ut til 86 medlemar og 2 trusopplæringsabonnenter. Berre 3stk var melde på da fristen gjekk ut. Dette vurderte vi som for få deltakarar til å gjennomføre tiltaket som vart da avlyst.

Opplegg for barnehagebarn og skuleelevar:

- Barnehagevandring i kyrkja for alle barnehagane i Ørsta tidleg i desember. Alle barnehagane i Ørsta fekk invitasjon og alle takka ja.
- Skulegudstenester med dramatisering av påskeforteljinga for 1.-4.kl. frå fire sentrumsskular i Ørsta.
- Adventsgudsteneste tidleg i desember for alle skulane i Ørsta. I tillegg ungdomsskulen og opplæringscenteret.

Konfirmantar:

- Det vart innskriving av nye konfirmantar – arrangement i kyrkja med postar.
- Også i 2024 sparka vi konfirmantåret i gang med "Avspark!" på Sæbø. Undervisningsløypa vart forandra frå den tidligare Jesuløypa til smakebiter av alle temane i konfirmantåret.
- Det vart presentasjonsgudsteneste for to klassar av gongen som betydde at vi brukte færre søndagar på dette.

- Konfirmantundervisningstimar med åtte ulike tema.
Undervisningstema:
 1. Kva er gudsteneste?
 2. Er alt tilfeldig eller godt planlagt?
 3. Kvifor Bibel og misjon?
 4. Den heilage Ande og bøn
 5. Kva ansvar har vi for andre menneske og naturen?
 6. Døden og håpet.
 7. Kvifor syng vi?
 8. Tilgjeving og nåde.
- Deltaking i gudstenesteliv som klokkar. Fem/seks konfirmantar nesten kvar søndag i løpet av heile konfirmantåret
- Konfirmantleir vart gjennomført i 2024. 2 overnattingsdøgn på Sunnmøre Folkehøgskule utført med hjelp av frivillige ungdoms- og vaksenleiarar og føresette som nattevakter. På konfirmantleir telles 20 av dei 60 timane ein skal ha for å få godkjend konfirmantundervisning i DNK.
- Dør til dør fasteaksjon med bøsse og i tillegg Vippshefter. Det vart samla inn totalt kr. 7464. Det kom inn 44.122 på Vipps og 30.519 i kontantar.
- Åtte konfirmasjonsgudstenester vart gjennomført. Av dei 6 klassegudstenester, 1 open gudsteneste og ein individuelt tilpassa konfirmasjonsgudsteneste. 107 av 112 medlemar konfirmerte seg i Ørsta kyrkje (96%)

Andre kommentarar:

- I 2024 var kateket og prest med ansvar for barn og unge med på Trusopplæringskonferansen i lag med frivilligleiar for barnekoret i Vartdal kyrkje. Det var ei inspirerende og lærerrik oppleving. Det vert ikkje trusopplæringskonferanse i 2025 for å finne ut kva form konferansen skal ta framover.
- Undervisningsutval: Undervisningsutvalet har hatt 2 moter i løpet av hausten 2024. Vi er godt i gang med arbeidet.
- Søndagsskulen i Ørsta kyrkje har hatt 8 samlingar.

Vegen vidare:

- I 2024 var vi 3 medarbeidarar i trusopplæringa. Vi er i godt gang med å gjennomføre sovande trusopplæringstiltak som er på planen.
- Barnekora GLØD o MiniGLØD som kontor har starta i Ørsta gir mykje overskudd i trusopplæringa. Mange av borna som er med i kora kjem til utdelingar og til gudsteneste og får meg seg familie. Det er kjempebra!
- Vi ynskjer ha fleire vaksne som kan vere med å leie søndagsskulen som er begynt på nytt i Ørsta kyrkje. Ikkje på heiltid, men som kan bli spurd ein gong i blant.
- Trusopplærar/frivillige har sett i gong fleire møteplassar utanom trusopplæringstiltak som f.eks påsksamling på bedehuset. Det kan verte fleire hendingar som vi ynskjer gjennomføre og treng støtte til.

Diakoni 2024

Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

(Plan for diakoni i Den norske kyrkja, 2020) Diakonien er heile kyrkjelyden sitt ansvar, men Ørsta sokneråd har eit særleg ansvar for det lokale diakoniarbeidet i soknet. Kyrkja har ei viktig samfunnsrolle med å ivareta mennesker som kjem i ein vanskeleg situasjon og treng omsorg, trøyst og håp når alt synes å vere vondt og vanskeleg. Alt dette er forankra i det diakonale oppdraget med nestekjærleik, vern om skaparverket, inkluderande fellesskap og kamp for rettferd. Arbeidet krev kompetanse, god planlegging og effektivt samarbeid med andre samfunnsaktørar. All diakonal omsorg bygg på gjensidigheit, likeverd og respekt for andre sitt syn og levesett.

Frå september 2023 var diakon Knut Stave i permisjon og Betty A. Ndea Søvik har sidan då arbeidd i 100% stilling som diakon.

Fellesskap

- **Føremiddagstreffa** i Ørsta vart starta opp igjen i 2024, i samarbeid med Ørsta Frikyrkje og Ørsta Indremisjon. Vi formidla at dette var ein open plass for alle som ønsker ein stad å møtast på dagtid i Ørsta, inkludert pensjonistar, uføre, arbeidsledige, heimeverande, foreldre i permisjon med små barn o.s.v. Vi har ein del spel, lego, og leiker tilgjengeleg for barn. Vi oppfordrar deltakarane å ha med handarbeid og vi lagar til små hobbypakker som dei kan kjøpe og lage ting av mens dei er der. Planen var å ha treff kvar 14. dag. Vi hadde fire vellukka arrangementa i 2024.
- **Internasjonalt Språkkafé** er open for alle, og den vart i 2024 heldt kvar torsdag på Kyrkjekontoret mellom kl. 18:00 og 20:00, unntatt i sommarferien og nasjonal- og heilagdagdar. Språkkaféen har hatt meir enn 45 regulære deltakarar som har kome til møta når dei vil og når dei kan. Det er ei god blanding av norske og utanlandske deltakarar, noko som er viktig for at innvandrarene skal kunne lære å forstå og snakke norsk.
- I 2024 var mindre grupper av eldre frå Ørsta, Hjørundfjord og Vartdal sokn invitert til kafétreff på Alti og på Fru Svendsen kunst of kultur kafé på fredag ein gang i månaden. Desse treffa har ikkje vore annonsert i avisa. Formålet har vore å kunne møtast til hyggeleg samvær på ein av kaféane i Ørsta og snakke saman. Det var ikkje så mange som deltok, ofte mindre enn seks eldre, men dei som kom hadde ei god stund saman. Føremiddagstreffet som no vert arrangert erstattar delvis behovet for desse eldretreffa.

Besøks- og omsorgsteneste

- Våren 2024 vart Institusjonsandakter haldne kvar veke (unntatt i feriane), og om lag ein gong i månaden på Aktivitetscenteret (Bakk-Ola Marka). Frå hausten 2024 har institusjonsandaktene berre blitt haldne annan kvar veka (for å redusere arbeidsbyrda til prestane). Diakonen kombinerer ofte andaktene med besøksteneste, spesielt til dei som treng personleg besøk. Elles besøker diakonen regelmessig eldre som bur heime åleine.
- Telefonsamtalar har blitt ein enkel og effektiv måte å komme i kontakt med folk på, og dette har eg brukt aktivt for å nå flest mogleg eldre i lokalsamfunnet vårt, spesielt etter utbrotet av Korona. Telefonen gir høve til å ta kontakt med nye personar, og oftare enn ved fysiske møte. Diakonen mottar gjerne tips om folk som kan ha nytte av ei telefonkontakt, eller eit fysisk besøk.
- Etterlatne blei inviterte til helgemessegudsteneste i 2024 per e-post for å spare porto. Sidan dette var første gangen vi sendte invitasjonen per e-post var det problem med å finne alle e-post adresser. Eg måtte involvere Kyrkjedata, og Sekretæren på kontoret sidan ho åleine har administrasjonsrett til denne funksjonen i Kardinal. Det gjekk bra; berre til nokre få personar måtte vi sende invitasjonen med vanleg post.
- Som medeigar i Kirkens SOS, Møre og Romsdal, er den diakonale, døgnopne telefontenesta, ein del av Ørsta kyrkjelyd sitt omsorgstilbod for dei som treng nokon å snakke med. Fleire frivillige trengst til telefon- og/eller chattevakter til kontora i Ålesund og Myrvåg.

Internasjonal diakoni

- Ørsta kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt i Thailand er eit samarbeid med Det norske misjonsselskap (NMS) og Den evangelisk-lutherske kyrkja i Thailand (ELCT). Den årlege Misjonsmessa vart halden på kulturhuset i Ørsta i november. Det var utfordringar med mangel på gevinstar til born og unge som skulle få kom få gevinstar etter ein lek. Kyrkjelyden må utfordrast til å kjøpe eller donere gevinstar til denne aktiviteten!
- Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp: Det blei digital dør til dør-aksjon i Ørsta, Vartdal og Hjørundfjord i 2024.
- Diakonen har halde norskundervisning i 2024 for eldre ukrainske flyktingar og andre som ikkje fekk tilbod på opplæringscenteret i Ørsta eller for dei som treng meir hjelp med norsk lekser. Etter sommarferien i 2024 var det berre tre nye eldre ukrainarar som nytta seg av undervisninga med diakonen på kyrkjekontoret då alle ukrainar etter kvart har fått tilbod om norsk opplæring på Ørsta opplæringscenter. Under hausten har berre ei dame nytta seg av undervisninga som diakonen held etter klokka fire kvar torsdag, eit tilbod som foregår fortsatt.
- Språkkaféen i Ørsta har blitt svært populært blant innvandrarar, men vi treng endå fleire nordmenn og andre som snakkar norsk. Formålet med språkkaféen er å tale norsk saman, hjelpe flyktingane med lekser dei får frå ordinær norsk opplæring, samt å gi dei hjelp med diverse praktiske gjeremål som utfylling av skjema, orientering om det norske samfunnet, korleis delta i ulike fritidsaktivitetar, osv.
- Det er også innvandrarar som søker hjelp av diakonen til diverse praktiske problem, inkludert hjelp med å finne bustad.

Diakonane si deltaking i Trusopplæring

- Kwart år har diakonen undervist konfirmantar både i individuelle klasser under året og på konfirmantleir, også i 2024. I arbeidet med konfirmantar har diakonane spesielt peika på den viktige rolla kyrkja vår har i samfunnet når det gjeld å ta vare på naturen og miljøet og våre medmenneske.

Søndagstankar

- I turnus med prestane skriv diakonen søndagstankar i Møre Nytt kvar fjerde fredag. Mange lesarar av Møre Nytt har gitt gode tilbakemeldingar noko som tyder på at søndagstankane vert lest og sett pris på.

Grøn kyrkjelyd og Berekraftsmålar

- Ørsta kyrkjelyd har sidan 2014 vore Grøn kyrkjelyd, med felles handlingsplan; saman med Vartdal- og Hjørundfjord kyrkjelydar sidan 2017. Utfordringa er å vidareføre måla i handlingsplanen i åra som kjem, og her kan heile kyrkjelyden bidra med å svare på følgande spørsmål
- Korleis kan diakonien støtte arbeidet med å oppnå berekraftsmåla i vår kyrkjelyd? Korleis kan vi saman oppretthalde det lokale og det globale engasjementet? Prioriterer vi «riktig» i den lokale diakonien? Ser vi etter dei mest marginaliserte og sårbare i vårt samfunn? Ser vi på alle mennesker som ein ressurs?

Takk til alle som har vore med å bære fram diakonien gjennom dette året! Lat oss ta diakonien med i alt arbeid i kyrkja, som ei grunnleggjande haldning og ein måte å leve på, som formar kyrkjelyden, i bøn og i arbeid.

Betty A. Ndea Søvik, diakon

Kyrkjemusikk 2024

Kyrkjemusikarar:

Marie Austrheim Riise, kantor i 100% stilling.

John Inge Leira Bjøringsøy, organist i 60 % stilling (persmisjon frå februar- september 2024)

Når mennesket spelar, syng og leikar, lyttar det til lyden frå skaparverket, gir denne lyden form og tek på den måten imot Guds gåver. Slik blir vi Guds medskaparar.

Kyrkja forstår difor all kunst og kreativitet som ein del av forvaltaroppdraget.

Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre.

Alt Gud har skapt, vitnar om hans stordom og herlegdom. Det lèt oss ane at Gud finst.

(Plan for kyrkjemusikk)

Gudstenester

Den kristne kyrkja er ei syngjande kyrkje! Når vi utfaldar oss musikalsk, er det både til ære for Gud og til gagn og glede for kvarandre. Gjennom gudstenestene får vi løfte opp vår song, lovprise Gud og uttrykkje og formidle vår kristne tru i eit fellesskap.

I Ørsta sokn tek kyrkjemusikarane del i både planlegging av gudstenester og i arbeidet med å hente inn lokale musikkrefter, i samarbeid med prestar, trusopplærarar og andre tilsette.

Gudstenestereforma legg betydelig vekt på involvering av frivillige i gudstenestene. I Ørsta har vi ein lang tradisjon på å utfordre kor, musikarar og solistar til å ta del i gudstenestene. Nokre gudstenester utmerkar seg som særskilte viktige å hente inn eksterne musikkrefter til: konfirmasjon, høgtidsdagar, konfirmantjubileum og når det er dåp. Likevel spør vi solistar og andre musikarar/grupper/kor om å ta del på heilt «vanlege» gudstenester. Også livspust-gudstenestene er eit kyrkjemusikalsk satsingsområde med stor vekt på det musikalske, der ein involverer bandmusikarar, instrumentalistar og songarar.

Livspust – ei messe for heile livet.

Det er svært gledeleg å sjå at dette er ei gudsteneste som famnar breidt både i kyrkjelyden og i lokalsamfunnet elles. Gudstenesta har eit stort fokus på musikk, med profesjonelt band og profesjonell lyd. Det er lagt ned eit stort arbeid i både førebuing, øving og gjennomføring av gudstenester, noko vi som kyrkjelyd får igjen for. Tilbakemeldingane frå kyrkjelyden og frå dei framømte er svært gode, og det kan sjå ut som vi har funne ei god form på gudstenesta. Breidde og kvalitet er eit overordna mål for det musikalske arbeidet. Tenesteordninga for kantorar peikar på at kantorane skal vere med og forvalte og gjere levande tradisjonelle og nye kyrkjemusikalske verdiar og syte for breidde og kvalitet i det kyrkjemusikalske og kulturelle arbeidet i kyrkjelyden. Det er viktig å fortsette det gode arbeidet som er lagt ned i dette tilbodet, med stor kvalitet i både opplegg, musikk og musikarar. I 2024 gjennomførte vi fire livspust-gudstenester.

Kyrkjemusikk og trusopplæring

Kyrkjemusikk- og kulturverksemd gir eit godt grunnlag for at born og unge kan vere deltakarar og ressursar for kyrkjelyden som lærande fellesskap. Denne fellesskapen er ein god arena for læring av bibeltekstar, liturgi og salmar.

I arbeidet med konfirmantar har kyrkjemusikarane eit særleg ansvar for musikkgruppene på konfirmantleir. Desse musikkgruppene førebur seg til gudstenesta på leir og er eit svært kjekt arbeid! Det er også viktig å utfordre konfirmantar som driv med musikk om å ta del i dei vanlege gudstenestene. Palmesøndag 2024 i Ørsta kyrkje er eit godt eksempel på dette. På denne gudstenesta hadde vi band med ungdommar og konfirmantar.

Kyrkjemusikarane tek del i førebuing og gjennomføring av skulegudstenester gjennom året. Dei er også med på trusopplæringstiltak som lys vaken, tårnagent, undretur og utdeling av 4-års bok for å nemne nokre arrangement. Då med eit spesielt fokus på musikk. I 2024 hadde vi mange born som tok del med song og musikk på skulegudstenestene. Her gjennom eit godt samarbeid med Ørsta kulturskule.

Babysong: Babysong er eit trusopplæringstiltak som er felles for alle tre sokna: Ørsta, Vartdal og Hjørundfjord sokn. Det har vore god oppslutning rundt tilbodet. Kateket og trusopplærar Caroline Sefu har ansvaret for babysong. Totalt hadde ein 7 samlingar i 2024. Babysong er ein fin måte for foreldre å kome i kontakt med lokalkyrkja. Invitasjon skjer gjennom facebookgrupper, invitasjon gjennom dåpssamtalar og elles informasjon på kyrkja si nettside og facebookside.

Korverksemd: Ørsta kyrkjekor, barnekoret GLØD og barnekoret MiniGLØD.

Ørsta kyrkjekor:

Det er viktig å ha eit godt kyrkjekor i soknet, noko ein verkeleg må satse vidare på. Koret har stor betydning for gudstenestelivet og kyrkjelyden i Ørsta. Dei tek del på mange gudstenester og andre arrangement i løpet av året og gjer eit svært viktig arbeid. Ein må også nemne at Ørsta kyrkjekor både arrangerer kveldsbøner, konsertar, salmekvelder o.l., som er svært positivt for musikk og kulturlivet i Ørsta sokn. Våren 2024 hadde Ørsta kyrkjekor mellom anna ein svært vellukka konsert saman med Henning Sommerro. Sjå eiga årsmelding for Ørsta kyrkjekor.

Barnekoret GLØD og MiniGLØD:

Dirigentar: Marie A. Riise og Sigrid Nupen.

Styret: Marie A. Riise (Styreleiar), Sigrid Nupen (styremedlem) og Elisabeth Husebye Nilsen (styremedlem). Hausten 2024 fekk vi eit nytt styremedlem: Ingvil Håberg Vele.

MiniGLØD: 3-6 år. GLØD: Frå 1.klasse og oppover.

Barnekora GLØD og MiniGLØD er fortsatt ein stor suksess! Etter lange ventelister på begge kora bestemte vi oss hausten 2024 for å auke antal medlemmar i kora. I barnekoret GLØD var det i 2024 rundt 40 songarar i alderen 6-12 år, og i MiniGLØD var det 30 songarar i alderen 3-6 år. Det står rundt 15 born på venteliste på MiniGLØD, medan GLØD ikkje lenger har venteliste. Hausten 2024 endra vi på vedtektene til koret: Frå hausten 2025 er koret MiniGLØD frå 4-6 år, medan GLØD er frå 2.klasse og oppover.

Mål for koret: Formidle musikk og songglede! Lære borna å bli kjende med kyrkja, kristen song og musikk og å vere aktivt med i gudstenester. Inkludere borna og familiane deira i kyrkjelyden og i kyrkjelydsarbeidet.

Gjennom faste øvingar, gudstenester og konsertar gir koret i kyrkjelyden rom for ei opplevingsorientert og skapande trusopplæring for barn og unge. Kyrkjemusikk- og kulturverksemd gir eit godt grunnlag for at barn og unge kan vere deltakarar og ressursar for kyrkjelyden som lærande fellesskap.

Øvingsstad: Ørsta bedehus: MiniGLØD torsdagar kl.17.45-18.15

Ørsta bedehus: Barnekoret GLØD torsdagar kl. 18.30-19.30.

Kora er tilknytta organisasjonen Ung kirkesang.

Våren 2024 hadde kora 14 øvingar. Dei song på to familiegudstenester, vårofferdag på Ørsta bedehus, Hjørundfjord barnefestival og hadde eigen sommarkonsert.

Hausten 2024 hadde kora 13 øvingar. Dei song på 1.klassesgudsteneste, lysmesse og julegudsteneste. I tillegg song dei på kyrkjelyden si misjonsmesse.

Koret blir godt drive og har eit svært driftig styre. Stor takk til både dirigentar og styremedlem for all tid de legg ned i dette viktige arbeidet.

Salmekveld i Ørsta kyrkje: «Ei salmereise på Søre Sunnmøre»

fredag 18.oktober 2024 gjennomførte vi salmekvelden «Ei salmereise på Søre Sunnmøre». Kyrkjelydsprest Kristian Myklebust og kantor Marie A. Riise komponerte programmet og henta inn lokale musikkrefter. Ørsta kyrkjekor, Ørstakoret med dirigent Roar G. Lillebø, Jorun Marie Kvernberg (song og fele) og Raghild Engeset (fløyte) tok del. Salmekvelden var ein del av 160-års jubileet for Ørsta kyrkje. Vi fekk synge og høyre folketonar frå Ørsta, salmar av Berte Kanutte Aarflot, Anders Hovden og Bernt Støylen, melodiar av Knut Ose og Ragnar Ørstavik, men også dei nyaste bidraga frå til dømes Jan Ove Ulstein, Jan Inge Sørbo og Roar Goksøyr. Ørsta kyrkjekor og Ørstakoret framførte fleire songar i lag, mellom anna folketonar med arrangement av Terje Aarset. Salmekvelden vart leia av Kristian Myklebust. Salmekveldar er eit godt høve til å synge i lag. Vi håpar at ein salmekveld med vekt på dei lokale salmane våre både kan vere eit høve til å glede seg over alt vi har fått, og ei utfordring til å føre denne rike tradisjonen vidare. Det vart ein svært vellukka kveld med svært godt oppmøte av publikum. Takk til alle som tok del i dette arbeidet.

Vi syng og spelar jula inn:

Det var god påmelding til den tradisjonsrike konserten «Vi syng og spelar jula inn» i Ørsta kyrkje. Det fungerer godt å ha «berre» ein konsert og det vart eit flott og variert program med både allsong, andakt og flott musikk. Desse tok del i 2024: Ørsta kyrkjekor, Ørsta skulekorps, Ø.B. Brass, Jan Trygve Gretland, vokalgruppa SAMS, Ørsta hornmusikk og Follestadal hornmusikk.

Musikarar som har teke del på gudstenester, konsertar og musikkandakter i Ørsta sokn 2024:

Vi vil rette ei stor takk til alle som har delteke på gudstenester, konsertar og liknande arrangement i Ørsta sokn. Vi set svært stor pris på at de deltek og vi ynskjer å rette ei stor takk til dykk. Fleire av dykk har også vore med fleire gonger. De gjer alle ein svært viktig jobb og det er utruglig kjekt å ha dykk med på laget. Tusen takk!

Ørsta kyrkjekor, Volda mannskor, Åmdalskoret Berre Damer, Ervingen, Barnekora GLØD og MiniGLØD, Ørstakoret, Hjørundfjord mannskor, FaSong, SAMS. Ø.B. Brass, Ingrid Vik Henriksen, Martine H. Urke, Sigrid Nupen, Thomas Ryste, Elias Grimstad, Mari Ella Skarstein, Håkon Moltubak, Kaspar Høydal Sætre, Benedicte Follestad, Espen Aarseth, Geir Arne Ose, Ann Helen Ose Thorup, Elias Grimstad, Oda Grimstad Kriken, Olav Sindre Kriken, Sissel Ørstavik, Follestadal hornmusikk, Ørsta hornmusikk, Jan Trygve Gretland, Erik Fooladi, Knut Hunnes, Kirsten Ragnhild Grimstad, Leiv Arne Nydal, Arnulf Hjertvik, Halkjelsvika spelemannslag, Venche Vartdal Leite, Lars Even Tørresen, Olav Baarøy, Karen Rosenberg Olsen, Tora Ose, Sigurd Ose, Elise Vatne, Marcelina Ryczek, vokalgruppe frå Ørsta kulturskule, Svein Hunnes, Carlos Alberici.

Rundt 394 musikarar/ songarar har teke del i Ørsta kyrkje i løpet av 2024.

Marie Austrheim Riise
Kantor i Ørsta kyrkje,
11.februar 2025.

Årsmelding for Ørsta Kyrkjekor 2024

MEDLEMMAR :

Sopranar: Janne Nordal Nupen, Torbjørg Langdal, Marie Standal, Johanne Indreeide Øvregaard, Norunn Masdal Vartdal, Sky Johnsen, Aud Standal Digernes

Altar: Jorunn Austrheim, Hilde Karin Johnsen, Bente Afset, Erna Hovland, Janne Romestrand Eriksen, Betty Søvik

Tenorar: Ole Christian Johnsen, Jørn Vartdal, Steinar Rishaug, Svein Sætre,

Bassar: Åge Johnsen, Harald Johnsen, Mathias Austrheim, Svein Havåg

STYRET

Leiar: Bente Afset 1 år

Skrivar: Janne Romestrand Eriksen 2 år

Kasserar: Janne Nordal Nupen 1 år

Styremedlemmar: Ole Christian Johnsen 1 år, Marie Austrheim Riise (dirigent)

Revisor: Harald Sætre 1 år

Noteforvaltar: Ole Christian Johnsen

Kappeansvarlig: Hilde Karin Johnsen

Varamedlemmar: Johanne Indreeide Øvregaard, Jørn Vartdal, begge 1 år

Valnemd: Marie Standal, Norunn Masdal Vartdal, begge 1 år

VÅREN 2024

Styret hadde 2 styremøte og elles vart saker som gjaldt koret, orientert om og bestemt på korøvingar. Koret hadde 14 onsdagsøvingar, deltok på 4 arrangement i kyrkja, 1 konsert og 1 øvingsdag.

14.februar deltok vi på askeonsdags-gudstjeneste .

Etter ei kort øving tok vi årsmøtet på kyrkjekontoret 6.mars. Bente leia møtet, ønske oss velkomne og gjekk gjennom saklista. Janne R E las årsmelding og Janne N N gjorde greie for regnskapet.Marie S stod for gjennomføring av valet .Bente orienterte om ein evt tur til hausten, vi vart einige om å etterspørre mer informasjon. Tono-avgift er også noko vi må betale når vi har konsertar.

Vi avslutta med pizza, brus ,kaker og kaffi.

17. mars song vi på Maria Bodskepsdag.

Skjærtorsdag-gudstjeneste var 28. mars , og 30. mars påskeafta-gudstjeneste. Fortsatt litt "styr 'med levandelys , kanskje best med batterilys? Vi hadde hjelp av Ståle Helvig (organist), Kirsten Ose, Torhild Høydalsvik og Aina Øyshaug Opsvik som skriftlesarar.

20. april hadde vi øvingsdag på kyrkjekontoret med ei god matykt i midten. All øving er til konsert ilag med Henning Sommerro og Ragnhild Engeset. Vi får også 15000.- i aktivitetsmidlar til denne konserten.

På eit styremøte velde vi ein komite (Johanne Ø.I. ,Steinar R. ,Norunn M.V. , og Jørn V.)for å evt finne ut om ein kortere tur til hausten er aktuelt.

Laurdag 1. juni er konsert dagen. Den var svært vellykka på alle måtar, både musikalsk og med oppmøte.

5. juni var det avslutning med song på Hjørundfjordheimen og etterpå mat og drikke på kyrkjekontoret.

HAUSTEN 2024

2 Styremøter, 13 vanlige øvingar og 7 arrangement.

15. september deltok vi på gudstjeneste i Ørsta kyrkje.

Så tok vi en øvingslaurdag på Rjånessenteret 5. oktober. Det var både lærerikt og kjekt, for vi skulle ha salmekveld ilag med Ørstakoret 18. oktober. Salmekveld: Jorunn Marie Kvernberg, Ragnhild Engeset og Kristian Myklebust deltok også. Ein kjekke kveld med bra mykje folk.

2. november var det helgemessekonsert ilag med Leiv Arne Nydal, der fleire av koristane las tekstar mellom songane.

Dagen etter, 3. november var det helgemesse i kyrkja, med kyrkjekaffi etterpå.

17. november tok vi turen til Vartdal kyrkje, 2 dåpsungar og konfirmantar, men elles få frammøtte.

1. desember var det lysmesse idag med barnekoret Glød. Full kyrkje trass i dårlig vær.

11. desember hadde vi avslutning på kyrkjekontoret, alle hadde med mat. Svein Sætre, Svein Havåg og Harald Sætre har alle slutta dette året, så vi gjorde litt ekstra stas på dei. Året vart avslutta 15. desember med at vi song og spelte jula inn ilag med fleire kor og orkester og full kyrkje.

1. mars 2025

Skrivar Janne Romestrand Eriksen